

Sterke prestasjoner

Eirin Engeseth tok ein sterk storslalåm-siger og fleire andre alpinistar frå Sunnmøre markerte seg sterkt i landsdelsrenn i Gol og Hemsedal i helga.

ALPINT. Ein tropp på 13 alpinistar - 7 frå Stordal, 4 frå Spjelkavik, 1 frå Stranda og 1 frå Volda - deltok sist helg i Landsrenn i Gol og Hemsedal. 230 deltakarar i alderen 11 til 15 år frå heile landet deltok.

Og Eirin Engeseth gjekk

altså heilt til topps i søndagens storslalåmrenn for årsklassene 14-15 år. Laurdag leia ho etter Lomgang, men køyrde dessverre ut i 2.omgang. I same klasse tok Ingrid Busengdal, Stordal, ein sterk 5.plass i søndagens renn.

Bli med til Italia? Landsrennet var også kvalifisering til internasjonale renn i Italia seinare i vinter. Utaket vert klart i løpet av et par dagar, men det er klart at Eirin ligg godt an etter sigeren søndag.

Andrea Vinje Tøsse tok ein sterk 5.plass i slalåm-

rennet laurdag og følgde opp med ein flott 6.plass i storslalåm søndag i klasse J12- og 13. I same klasse tok Kristiane Nakken 8.plass begge dagar og Kine Kvammen Tøsse 10.plass søndag. Rebekka Helland vart her nummer 19 laurdag. I guteklassa tok Børge Skar Eriksen ein flott 10.plass laurdag, medan Ole Kristian Aarseth vart nummer 12 søndag.

I G14-15 tok Eivind Vik Henriksen ein sterk 10.plass i laurdagens slalåm, og Andreas Røst følgde opp med ein fin 11.plass i same klasse.



SUNNMØRINGAR. Bak fra venstre: Eirin Engeseth (Spjelkavik) Ingrid Busengdal (Stordal) Rebekka Helland (Stordal) Eivind Vik Henriksen (Volda) Vibeke Innselset (Stordal) Børge Skar Eriksen (Spjelkavik) Eirik Brox-Wilhelmsen (Spjelkavik) Framme: Kine Kvammen Tøsse, Kristiane Nakken, Andrea Vinje Tøsse og Sander Grønningsæter (alle Stordal) og Ole Kristian Aarseth (Stranda) (Andreas Røst var ikke til stede da bildet ble tatt).

ALLE FOTO: MAGNE TØSSE